


# Orkdal menighetsblad

Nr. 8 Oktober 1983 33. årg.


# GLEDEN OVER GUDS ORD

Bibelen kommer i forgrunnen igjen innen det kristelige arbeidet. Det høres unektelig rart. Skulle det ikke være en selvfølge at Bibelen som danner grunnlaget for alt som kristen menighet heter, skulle være i sentrum av menighetens liv? En selvsagt ting skulle det nok være. Og ikke desto mindre er det jo et faktum at mange ikke leser sin Bibel slik som rett er. Får ikke ro, får ikke tid . . . . . .

Ja, et eller annet vil sikkert være å nevne som årsak. Men grunnen er vel den ganske enkle at en ikke har Guds ord kjært; men uten daglig lesning kan en ikke makte å holde Ordet in mente slik at det virkelig gjør sin gjerning med oss. Frimodigheten blir borte, og synet på mennesket, dets nød og dets muligheter blir gjerne egne meninger og tanker istedenfor dem som Guds ord åpenbarer for oss. En kommer med andre ord lett av fra vegen, spores av, og hverken tro eller kristenglede får næring.

Men nå er det tegn som tyder på at det virkelig tar en vending. Fra flere kanter av landet meldes om det.

Jeg tar for meg siste ukes post her på kontoret. Her kom bl. a. Stiftskomiteens skriv om Bibel-lag i menighetene. Her ligger program for første møte i Menighetssamfunnet: En ingeniør innleder til samtale om: Bibelen og hverdagen. Her kommer program for Det kr. Studentlag i Trondheim, møte med emnet: Kristen uten Bibel?

Jeg satt hos en gammel kvinne. En alminnelig forteelse i og for seg. Men det som gjør at jeg husker dette besøket særskilt er den store glede over Guds ord hun la for dagen. Det lyste av glede hos den gamle over hver morgen å kunne ta Bibelen frem og med bønn og lesning starte dagen på rett måte.

Store deler kunne hun utenat, og kunne i kirkebenken fryde seg over at de tekster som ble lest kjente hun igjen alle sammen, og hadde tenkt over dem før. Guds ord skulle da ikke være noe vi synes vi som kristne måtte lese. En stor og velsignet gave er Ordet til oss. Og mange har vunnet i vår menighet, og da først og fremst for den enkelte. om ennå fulgte Cyprians ord, røsten fra den første kristentid: La skriften være i alles hender.

*Meyer*

## NO HAUSTEN KJEM!

*No hausten kjem. Med kalde hand*
*han grip om blom og strå.*
*Han øyder liv som fagert rann*
*med venleiks-kappe på.*

*No hausten kjem, og døden rår*
*i lange skymingskveld.*
*Vår jord sitt likferdsteppe får*
*av folna lauv som fell.*

*Han veit at under klaka mold*
*der søv eit lite liv.*
*Det vakna vil til nye foll*
*når vår om landet driv.*

*Det kjem ein haust da også vi*
*må visna bort og døy.*
*Om trygt vi står i livsens strid,*
*vi liknar halm og høy.*

*Det kjem ei stund da skyming fell*
*lik haust i annsam dag.*
*Og livet ser ein siste kveld*
*med trøytte andletsdrag.*

*Då tal til redde vandringsmann*
*du Livsens Herre god.*
*At livet over døden vann,*
*då Du or grava opp stod.*

*Ja, tal om liv i dødens land,*
*om vår, trass død og grav.*
*Vår lekams haust ei skada kan*
*det liv som Du oss gav.*

*Så kom då haust – du ljåmann stygg,*
*eg veit om liv og vår.*
**Hjå Jesus er eg evig trygg**
**om eg til grava går.**

Arne Frisvold


**Alt i**
**Maling — Gulvbelegg**
**Gardiner**

**Fannrem Farvehandel**
**7320 Fannrem tlf. 82 332**

## SLEKTERS GANG



**Døpte**

ORKDAL SOKN:
28.08. Kristian Slupphaug
04.09. Jannice Stølhaug
11.09. Håvard Lommundal
Frode Jonli
Tonje Margrethe Olsen Andersen
Silje Eklid
25.09. Solveig Dombu Mylde
Inger Storli Ytterhus
09.10. Marianne Snildal
Gro Sørheller Rostad
Tonje Sørheller Rostad

ORKANGER SOKN:
28.08. Daniell Selvåg
02.10. Erik SOlheim

GEITASTRAND SOKN:
18.09. Jostein Johansen
Camilla Alden



**Vigde**

ORKDAL SOKN:
01.10. Steinar Bakk og Ingrid Samskott

ORKANGER SOKN:
11.07. John Magne Dammen og Nina Thomsen. Vigd hos sorenskriveren i Salten.
27.08. Morten Ljøkjel og Tove Rian
10.09. Aage Sten Nørve og Inger Mathilde Nordlund Viet på Prestekontoret.
Olav Rostad og Ragnhild Selvnes.
17.09. Torgeir Oshaug og Marit Larsen. Viet på Prestekontoret.



**Døde**

ORKDAL:
27.08. Torkel Hallien f. 1915
27.08. John Kvakland f. 1898
04.09. Einar Rundolv Snæring f. 1900
05.09. Martha Overvik f. 1906
12.09. Agnes Sommervold f. 1903
20.09. Ludvig Marian Gimnes f. 1920

ORKANGER:
17.08. Alf Jakobsen Frengstad f. 1920
18.08. Borghild Ebbesen f. 1916
02.09. Ragna Sletvold f. 1900
07.09. Anna Oline Evjensvold f. 1908.
09.09. Aslaug Mælen f. 1911
15.09. Ole Paulsen Blåsmo f. 1904
25.09. Ludvig Hoff f. 1918

ORKLAND:
18.09. Oline Espås f. 1905

## ORKDAL MENIGHET

**Utdeling av »Mi Kyrkjebok» til 4-åringene**
Søndag 16. oktober får alle som er 4 år og som bor i Orkdal menighet hver sin bok under gudstjenesten kl. 11. Skulle det være noen som er litt eldre og som ikke har fått denne boka, er de også velkommen. Umiddelbart etter gudstjenesten inviteres alle 4-åringene og deres foreldre og søsken til **kirkekaffe/kirkesaft** på Misjonshuset. Her blir det program for barna, og vi vil synge en del sanger fra den boka 4-åringene får. Enkel bevertning.

**Tentreff Megården**
Tentreffet som er annonsert 28. oktober går ut. Det blir da tentreff 14. oktober og 11. november,

**Nytestamenter til alle 11-åringene i Orkdal**
Fra i høst blir den såkalte 11-årsfasen innført i alle menigheter i Orkdalen. 11-årsarbeidet er et ledd i Undervisningsprogrammet for hjem og kirke som Institutt for Kristen oppseding (IKO) har utarbeidet. Det går i korte trekk ut på at alle som er 11 år (5. klassinger) får utdetlt hvert sitt N.T. under en familiegudstjeneste, og det følges påå med et kortere kurs om Det nye testamente, og hvordan en skal finne fram i det. Kurset vil bli lagt til skoletida, i samarbeid med kristendomslærerne. Planen er at 11-åringene skal få Nytestamentet i stedet for utdeling av N.T. til konfirmantene. De som da får N.T. i 5.klasse får da ikke nytt når de blir konfirmanter.
Gjennom dette opplegget får barna et møte med menigheten, det får sitt eget Nytestamente og hjelp til å forstår det og bruke det og de blir kjent med det kristne barnearbeidet i menigheten. Det er et viktig ledd i arbeidet med å gi barna som er døpt en kristen oppdragelse. Dette opplegget har vært gjenomført i Orkland menighet en del år allerede.

**Eldres kyrkjedag**
vert i år på Alle helgens dag 6.11. No er det vel slik at de eldre gjerne er det som fyller kyrkjene våre jamnast året gjennom. Men likevel er det godt å ha ein dag da vi meir enn ellers markerer fellesskapet. Og da vi også kan få med oss dei som har vanskelegast for å ta seg ut – lange vegar – skrøpelege bein -- høg alder. Denne dagen må naboar – vener – slektningar – ALLE mobiliserast fir å hjelpa dei gamle til Guds hus. – Fedranes minne på Helgamessedag.

## ORKLAND MENIGHET

**Eldres kirkedag**
Søndag 6. november blir det eldres kirkedag i Moe kirke. Dette er også alle helgens dag, så det er ein spesiell dag for mange av oss. Det blir oppsett buss fra Solbu kl. 10.00 som går over Monset og Svorkmo, vider til Kvikne og over Asbøljåren og ned til kirka. Etter gudstjenesta blir det kirkekaffe for alle eldre hos Rannveig Tronvoll. Bussen vil kjøre dit og vente til vi er ferdige.

**Søndagsskolen på Vormstad**
er blitt til tirsdagsklubben og blir hver

forts. neste side



MENIGHETSBLAD
for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo
Utgitt av soknerâda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjaren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad
Redaktør:
Kaare Rogstad
Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
Sigmund Gjølsvik, 7300 Orkanger.
Sats, layout og repro:
Fagerli Offset A/S
Trykk: Orkanger Offset A/S

fra side 2

tirsdag kl. 16.30 i gamle Moe Misjonshus i lillesalen som vi nå har pusset opp. Ledere er Anne Høston og Inger Konstad.

**Tenkvelder**
Torsdag 20. oktober får vi igjen besøk fra Eintrøa. De vil ha mesteparten av programmet. Elles tipping og konkuranser ved konfirmantene.
– Torsdag 6. november: Tenkveld. Kveldens gjest. Diverse anna program.

**Konfirmantjubileum**
Søndag 23. oktober blir det konfirmantjubileum i Moe kirke for de som vart konfirmert for 25, 50 og 60 år siden. Middag og kaffi på Misjonshuset etter gudstjenesta for jubilantene. Gunnar Ustad blir med og viser lysbilder.

**Familiegudstjeneste**
Søndag 16. oktober kl. 11 er det familiegudstjeneste med utdeling av Mi kirkebok til alle 4-åringer. Etter gudstjenesta er alle 4-åringer med foreldre og faddere innbudt til festlig samvær på Svorkmo misjonshus. Her blir det program for store og små.

**Husbasar**
Fredag 23. oktober blir det husbasar på Svorkmo misjonshus. Res.kap. Halvard Grav fra Melhus kommer. Sangkrefter.

forts. side 4

# HØGSTERETTSDOMEN I BALSFJORDSAKA

**I forrige periode sat underskrevne i KYRKJERÅDET som representant frå Nidaros bispedømme. Da arbeidet eit kyrkjeleg utvalg med å utreide kyrkja sin relasjon til staten ut frå §2 i grunnlova. Utvalget vart ferdig med si utreidning hausten 1980 og den vart publisert under tittelen: »Religionsfrihet og offentleg religion. Grunnlovens §2 i går, i dag og i morgon». Konklusjonen var at §2 ikkje kunne gjeva nokon garanti for at Staten alltid skulle laga sine lover i samsvar med den kristne etikk. §2 kunne aldri gjeva vern lenger enn lovgjevarane (stortinget) sjølv ville. Om ein ikkje greier å overtyde stortingets fleirtal om å stå på den kristne etikks grunn – så ville det ikkje hjelpa å vise til grunnlova.**

**Eg nemner dette – for å syna at kyrkja har »visst» dette lenge før Høgsterett fellte som dom i Balsfjordsaka. I så måte trengte vi ingen Balsfjord-dom. Men no har altså høgsterett kome til same konklusjon som kyrkja sitt eige utreidningsarbeid konkluderte med i 1980, – berre nyttar høgsterett andre ord når det peikast på at §2 i grunnlova ikkje kan stilla skrankar for stortingets ålmenne lovgjevning.**

**Så må det vera slik når vi lev i dei to regimenta. I grunnen er det parlamentarismen (1884) som har gjort at det vart slik. Da misste kongen i røynda den vetorett som grunnlova hadde gjeve han. Så det er nok fleire grunnlovsparagrafer enn nr. 2 som har misst sitt reelle innhald.**

**Som kyrkjesamfunn og som einskildkristne kan vi syrgje over at §2 ikkje lenger kan gjeva oss det vern som vi hadde ynskt, og likevel må vi leva med det.**

**Ut frå dette er det grunn til å besinna oss og roa oss ned. Vi lev tross alt i eit samfunn som gjev einkvar forkynnar (prest, sekretær, emisær og misjonær) fridom til å forkynna heile Guds råd – også til å ropa ut over landet at abortloven så absolutt strir imot all kristen tru og etikk – altså er ein heidensk lov. No er tida inne til med vemot, men og med truskraft å konstatera at stat og kyrkje lev i kvart sitt regimente. Vårt kyrkjesamfunn vil nok bestå som statskyrkje sikkert ut dette hundreåret. Så lenge vi har fridom til å forkynna Guds ord og til å forvalta sakramenta heilt og fullt, treng ingen å melda seg ut av sin kyrkjetilhørighet.**

K.R.

Orkanger Gartneri
Orkedalsvegen 10
Innch.: Oddny Blomli
Tlf. 80348
Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.

ORKANGER PARFYMERI A/S
Orkanger
Tlf. 074/ 80244

# TORFINN SVARTES TANKAR

Eg kjenner meg heilt som ein dummepetter og ein klovn. Du veit ein slik som dei kjem trekkande med på sirkus – ein som allestader er i vegen og alle har til lått, men som like vel ligg med og freistar etter evne å skulle gjera det same som andre – men alltid mislukkast. Ein slik klovn er eg.

Ja, her streva eg alt eg kunne for å få nominert kvinner og menn på same lista som eg sjølv vart nominert, – kvinner og menn som eg var viss på ikkje kunne konkurrere med meg sjølv. Eg sa det åt ho Emmerentse kvelden eg kom att frå nominasjonsmøtet at »no Emmerentse er eg mest sikker på å bli vald inn i kommunestyret for første gong». Men trur du eg vart vald? Ikkje så mykje som varamann på ein skikkeleg plass gut.

Folk har ikkje sans for å velja den rette mann på rett plass lenger.

Og så var det denne elgjakta. Her hadde eg gått ilag medn Ola og han Per alle dagar tilendes utan å sjå elgliv, og så den siste dagen så ser eg han Per segja noko til meg, men eg høyrer ikkje kva det er. Så segjer eg, du fær tala høgre. Han segjer noko ein gong til og det er mest berre kviskringa. Då vert eg arg og ropar kvasst – »Kva er det du segjer gut», og med det same sprett eit elgpar ut av ein skogkrull ute på myra og er utanfor skotthald før vi veit sansa oss.

Og så skuldar dei på meg avdi eg hadde ropa så fælande høgt. Men, kunne han ikkje tala skapeleg han Per? Stå der å kviskra på kvinnfolkvis. Men sjølv segjer han at han berre ville gjera meg merksam på at han trudde det var elger ute ved skogkrullen. Berre noko han segjer etterpå, sjølvsagt. Og trur du ikkje han Ola hosta utav seg at neste år var dei ikkje sikre på at eg fekk vera varamann til elglaget heller.

Nei alt har gått så på tverke for meg denne hausten. Som med denne høykjøringa også. Her har eg alle år freista å vera ein kyrkja sin mann og trur du ikkje denne prestefaren skulle koma å sjå at eg køyrde høy ein søndag og det klokka halv eit midt på blanke fine helgedagen. Kva hadde denne presten å gjera i vår grend til ei så kyrkjeleg tid. Han skulle da vel så langt eg veit halda seg i kyrkja da. Andre prestar steller seg aldri slik. Det er eg viss på. Men vår han fer no slik han. Øydelegg helgefreden for folk. Føy og føy, eg kjenner meg som ein klovn.

*Torfinn*

BØKER - LEKETØY
PAPIR - DAMEVESKER

NIK. KONSTAD's
BOKHANDEL
7300 ORKANGER

*Bestill time for fotografering*

*Fotograf*
J. SØDAHL
Tlf. 80259 - 7300 Orkanger

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER
*Gjør familieveggen komplett.*
*Vi hjelper Dem med dette.*

FOTOGRAF
KVARSNES
Plater og musikk-kassetter
Stort utvalg i gitarer
Tlf. 80356 - 7300 Orkanger

Trelast og bygningsartikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

*Sølvvarer*
*til barnedåp, bryllup konfirmasjon*
Gullsmed
John Rohme
7300 Orkanger

**Røddemøte**
Mandag 7. november er det møte hos Jenny og Jens Indergård.

**Misjonsmøte**
Mandag 24. oktober er det møte hos Gunvor og Ivar Ljøkjel.

**Misjonssambandet**
har møteveke 1. - 6. november i Orkland.

**Indremisjonen**
har møteveke 8. - 13. november i Orkland.

## GEITASTRAND MENIGHET

**Barnetreff Ofstad:**
28. oktober kl. 16.30.

**Barnetreff på Kjøra:**
12. oktober kl. 16.30.

**Tentreff på Ofstad:**
Torsdag 27. oktober kl. 18.30. En helt ny film og Jesu undervisning vises.

**Konfirmantforeldresamling**
Tirsdag 11. oktober inviteres foreldrene til konfirmanter i Geitastrand menighet til foreldresamling på Ofstad bedehus kl. 19.30. Filmen »Ti små kirkefolk» vises, orientering om konfirmantopplegget, og enkel bevertning. Det blir også god tid til å ta opp spørsmål som er aktuelle.

**Råbygda kvinneforening**
har basar på bedehuset den 19. oktober kl 20 (8).
Auksjon på strikkavarer – Nummer-

forts. side 6



## MENIGHETSFAKULTETET 1908–1983

# KVIFOR MENIGHETSFAKULTET I DAG?



AV DEKANUS, PROFESSOR, DR.THEOL. TORLEIV AUSTAD

Menighetsfakultetet (MF) har hatt sers mykje å seie for norsk kyrkjeliv i det 20. hundreåret. Den teologi MF står for, har i høg grad hatt innverknad i kyrkjelydar, kristne organisasjonar og kyrkjelege institusjonar. For fakultetet er det no, som ved starten for 75 år sidan, om å gjere å streka under tilliten til Bibelen som Guds ord, fremja forståing for den evangelisk-lutherske vedkjenning og vere på vakt mot liberal teologi av gammal og ny type. MF har som mål å gje teologisk utdaning for prestetenesta, for anna teneste i kyrkja og for teneste i skulen »på grunnlag av Guds ord og kirkens evangelisk-lutherske bekjennelse» (Grunnreglane § 1). Denne basis har gjort det mogeleg å tilføre vår kyrkje ein positiv teologi.

Det er eit sunt og godt prinsipp at kyrkjelydane tek ansvar for utdaninga av prestar og andre lærarar i kyrkja. Presteutdaninga er verkeleg ein av livsnervane i kyrkja sitt liv. Det såg dei som reiste MF, og det ser dei som har omsorg for fakultetet i dag. MF ynskjer difor nær kontakt med kyrkjelydane om denne store oppgåva. Dinest ber fakultetet om økonomisk stønad. Det er også turvande å ha eit nært høve til kyrkjelydane for å kunna greia den delen av fakultetet sine oppgåver som består i å skulla »lede til forståelse av det kristelige liv og det kristelige arbeid ute blant folket» (Grunnreglene § 6). I namnet Menighetsfakultetet ligg eit program for ein ordna to-vegs trafikk mellom kyrkjelyd og fakultet. Vi treng å lære av kvarandre. Kanskje kan ein seie at kyrkjelydane får dei prestar, kateketar og kristendomslærarar som dei gjennom bøn og omsorg har hjelpt til med å utdane.

Ein kan få eit klårare bilete av MF sitt særpreg ved å samanlikna den teologiske og kyrkjelege situasjon i Noreg med kyrkjer der kyrkjelydane ikkje tek aktivt ansvar for presteutdaninga. Det som har hendt i fleire av desse kyrkjene, er at den teologiske forskinga og undervisninga har vorte isolert i høve til livet i kyrkjelydane. Resultatet er at teologien har vorte einsidig akademisk og i mange høve radikal, og at teologistudentane sitt gudsliv og deira kyrkjelege mål har kome i bakgrunnen. For å motverke ei slik utvikling kan kyrkjelydane ta hand om utdaninga av tenarar i kyrkja. Det er dette som har hendt i Noreg, og som vi har grunn til å vere takksame for.

MF treng framleis impulsar og omsorg frå levande kyrkjelydar, og vil gjere sitt til å rettleie kyrkjelydane ut frå Guds ord og kyrkja si vedkjenning.



## JUBILEUMSHELSING FRÅ MF-STUDENTEN, MF-REKTOREN OG BISKOPEN BJARNE O. WEIDER

Eg har opplevd Menighetsfakultetet frå 3 ulike posisjonar.

Først som student, då møtte eg ein kristen fellesskap, ein konstruktiv teologi og ein sjelesørgjarvarme som gav meg frimod til å gå ut som prest.

Om lag 25 år etter var eg innanfor veggane på MF att, då som rektor ved det praktisk-teologiske seminar, der kandidatane etter eit langt teoretisk studium fekk den siste »finpussen» før dei skulle ut i teneste. Ulike var dei i legning og kyrkjesyn og andre ting, men dei var trygt forankra i vår kyrkje si vedkjenning. Og det er ingen sjølvsagt ting.

Seinare møtte eg som biskop mange av dei ute i felten og kunne glede meg over deira innsatsvilje, arbeidsglede, forkynning og store evne til å få kontakt med kyrkjelydane. Når historia til kyrkja vår i dette hundreåret skal skrivast, er eg overtydd om at Menighetsfakultetet vil vere eit av dei viktigaste trekka i kyrkjebiletet. Det mange trudde skulle verte eit teikn på kløyving, har i røynda verka samlande i Den norske kyrkja, bygd bru mellom dei ulike arbeidslaga på vår kyrkje sin grunn, og vore med på å kanalisere åndeleg kraft innanfor kyrkja. MF er ein så sentral institusjon i norsk kyrkjeliv at du stør det meste av det kristne arbeidet når du stør det.

Å gjere Menighetsfakultetet fri frå økonomiske problem skulle vere ein fin måte for kyrkjelydar og organisasjonar å syne takksemd på for det MF har gjort for norsk kristenliv.

*Bjarne O. Weider*

MENIGHETSFAKULTETET 1908-1983
75 ÅR I ORDETS TJENESTE

fra side 4
salg – Åresalg.
Andakt ved Hyldmo.

## ORKANGER MENIGHET

**Sjømannsmisjonen**
har basar 15.11. kl. 19 i bedehuset. Sekr. Skog taler og viser film. Orkanger misikklag deltar.

**Orkanger menighetshus**
Det kommer stadig penger inn til nytt menighetshus på Orkanger. Giroblankettene som i sommer ble lagt i menighetsbladet har til nå brakt inn kr. 21.000. I alt har innsamlingsaksjonen innbrakt 69.000. Det vi nå håper på skal gi gode resultater er loddsalget som pågår. Vi har satt som mål å få inn kr. 62.500 og hvis både selgere og kjøpere er flittige tror vi det skal lykkes.
Planene for huset ble ikke godkjent hos riksantikvaren i første omgang. Arbeidet med å omarbeide dem er nå i gang og vi regner med at de da kan godkjennes slik at byggingen kan starte til våren.

**Aksjonsdag for menighetshuset**
Torsdag den 13.10. blir det ny aksjonsdag slik vi hadde i vår. Dørene på Orkanger bedehus åpnes kl. 11. Det blir tombola, loddsalg og kakelotteri og ikke å forglemme salg av kaffe hele dagen. Kl. 19.00 blir det fest med åresalg og aftenstrekning. Det blir sang og andakt. Vel møtt til en hyggestund der du samtidig kan støtte Orkanger nye menighetshus.

**Ungdomsarbeidet**
Vi fortsetter med åpent hus på bedehuset hver fredagskveld kl. 19.30. Vel møtt!

**Santalmisjonen**
inviterer til fest på Orkanger bedehus onsdag 19.10 kl. 19.00. Wilhelm Glad taler.

**Indremisjonens kvinneforening**
har sin årlige basar onsdag 26.10 kl. 19. Birgit Sæther holder andakt.

**Kretsens dag**
hos Erling og Gunda Fagerholt torsdag 20.10. kl. 20.00. Det blir besøk fra Nordre Orkdal i.m.f.

**Eldretreff**
7. 11. kl. 17.00 blir det eldretreff på Askeladden. Programmet kunngjøres i S.T.

**Besøk fra menighetsfakultetet**
Den 8.11. får vi her i Orkdal besøk av student Morten Samuelsen. Det blir møte i Orkanger bedehus kl. 19.30. Samuelsen vil gi oss nyheter fra MF og tale Guds ord. Vel møtt!

**Hele menigheten synger**
i Orkanger kirke søndag 13.11 kl. 18. Orkdal ungdomskor blir med oss og synger.

**Søndagssamlinger på Orkanger bedehus**
12.10. og 6.11. blir det sangkveld der Tor Oljemark holder andakt.

## SMÅTT OM MANGT

**Konfirmasjonane i 1984 er fastsett slik:**
**Orkdal 6/5**
**Orkanger 13/5**
**Moe 20/5**
**Geitastrand 20/5**

**Dag Buhaug**
har slutta i posten som lærar ved Evjen skole og er blitt tilsatt som kretssekretær i Trøndelag krets av Israelsmisjonen. Vi ønsker Dag Buhaug velkomen som guds ords forkynnar iblant oss. Søndag 20/11 preiker han til høgmesse i Orkdal kyrkje.

**John Olav Larsen**
til Løkken. I tida 23. til 27. nov. er det menighetsaksjon på Løkken. Det vert kveldsmøter i Idrettsbygget kl. 19.30 og gudstjeneste søndag.

**Arne Frisvold**
– Stjørdalsprosten fram til han døydde i 1978 – var i unge år lærar ved Torshus Folkehøgskole. Attåt at han var ein framifrå lærar og ein dugande prest – var han i fristundene ein habil kunstnar på to områder. Han sysla med kunstmåling og diktning. Gjennom åra kom det fleire hundre dikt frå hans hand. Sers mange av dei har høg kunstnarleg verdi. Han skriv om alt: heimen, barna, bygda, landet, folket og livslagnaden. Men mest av alt dikta han om Frelsaren og hans verk for oss. Og i denne diktninga skin det alle stader tydeleg igjennom, det som han sjølv bar med seg heile livet og som han freista å gjeva andre: – Tryggleik i kvardagen, – den tryggleiken som Jesus Kristus åleine kan gje.
No har hans etterladte gjeve ut nokre av dikta hans i eit lite hefte: »Trygg i kvardagen». Heftet er gjeve ut på eige forlag og fru Margit Frisvold – Støren – står som utgjevar. Den som skaffer seg heftet vil oppdage at dei har fått ei kosteleg perle i hendene.

Kjolen finner De hos
DAGNY KORSLI A/S
Bårdshaug - Tlf. 80395

Helårs-
trim
SPORT
A. Todal's Eftf.
Tlf. 80278 - 7300 ORKANGER

Orkla Samvirkelag
13 S-butikker
1 Domus-varehus
BYGGESENTER
ELEKTRISK INSTALLASJON
RØR - SANITÆRAVD.
SYSTEMHUSAVD.
NOROL - SENTER
BILVERKSTED
VERKSTED RADIO/TV
VERKSTED KJØL/FRYS
FÅ MEDBESTEMMELSE
— BLI MEDLEM I
S-LAGET
S-LAGET

Skotøy
for hele familien
Ingv. Solbu Eftf.
Orkedalsveien 71
7300 ORKANGER

# FRÅ UNGDOM TIL UNGDOM

**GLIMT FRA »BLI MED AKSJONEN» 18. - 25. SEPTEMBER.**



**Søndag 25.9. var det familiegudstjeneste i Orkdal kirke. Kirka var fullsatt av både barn og voksne. Her synger søndagskolebarna og lederne. Når alle som går på søndagsskolen stiller opp, blir det en stor flokk.**

**Etter gudstjenesten var det tog med hornmusikk til Grøtte samfunnshus. Der fikk alle kaffe, saft og kaker.**



**Nytt Ten-sing-kor.**
På orkanger er det nå startet nytt Ten-sing-kor. Den første øvelsen var i kirka den 28.9. og frammøtet var bra. Men det er plass til flere. Er du glad i å synge eller spiller du et instrument så er du velkommen. Alle over 13 år kan bli med. Det er øvelse hver onsdagskveld i Orkanger kirke kl. 19.30. Koret er åpent for alle fra hele Orkdal. Hvis du kan komme deg til Orkanger kirke på onsdagskveldene så bare kom.

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**
postgiro 3 67 54 36 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Alt på én Uni-Polise
Norges Brannkasse
Forsikrer alt du setter pris på.
Branntakstbestyrer
Olav Ree, 7300 Orkanger
tlf. 80800 – 80878

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*16.10., 21. s. e. pinse*
– Orkdal kyrkje kl. 11: Familiegudsteneste v/kateket Solheim og kallskap. Slettahjell. Utdeling av »Mi kyrkjebok» Offer til menighetens ungdomsarbeid.

– Moe kyrkje kl. 11: Familiegudsteneste v/res.kap. Aasen. Utdeling av »Mi kyrkjebok». Offer til menighetens barnearbeid.

*23.10., 22. s. e. pinse*
Geitastrand kyrkje kl. 11: Familiegudsteneste v/kateket Solheim og prost Rogstad. Utdeling av »Min kirkebok» og NT til 11-åringene. Offer til menighetens barne- og ungdomsarbeid.

– Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/ res. kap. Aasen. Konfirmantjubileum. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

*30.10., Bots- og bededag*
– Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/ res.kap. Slettahjell. Offer til Misjonssambandet.

– Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/ prost Rogstad. Offer til

– Risan hjå Arne Lomundal kl. 11. Gudstenestelig møte v/res.kap. Aasen.

*6.11., Alle Helgens dag*
– Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/ prost Rogstad. Eldres kyrkjedag. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet. Kyrkjekaffe.

– Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/ kallskap. Slettahjell. Nattverd. Offer til

– Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/ res.kap. Aasen. Eldres kyrkjedag. Nattverd. Offer til Søvasskjølen Flejjkyrkje. Kyrkjekaffe.

# LYKKEN

*Lykken*
*er ikke å eie,*
*lykken*
*er ikke å få,*
*lykken*
*er ikke å strebe*
*mot mål du aldri kan*
*nå.*
*Det som gir varig lykke*
*dypt i ditt eget sinn*
*i hverdagens enkle*
*virke,*
*er omsorg for nesten*
*din.*

*Bof.*

**HELGAVAKT**
15. - 16. oktober: Audun Slettahjell
22. - 23. oktober: Bertel Aasen
29. - 30. oktober: Kaare Rogstad
05. - 06. nov.: Audun Slettahjell

TELEFONER:
Slettahjell: 81 044
Aasen: 84 188
Rogstad: 82 142

## GÅVER TIL ORKDAL MENIGHETSBLAD

1/1 - 31/8 1982: Kr. 39 928,60, delt på 1116 innbetalingar
1/1 - 31/8 1983: Kr. 52 696,00, delt på 1242 innbetalingar
TAKK FOR GÅVENE!

**BLADPENGAR**
I dette numeret er det igjen innlagt ein innbetalingstalong. Mange har vore flinke til å betala bladet i år – men det er også mange som står til rest. No er sjansen der til å gjera opp for seg.

**ORKDAL MINNEFOND**
De får blankettar hos:
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Jan Magne Fagerholt, Sissel Solem, Einar Bjørndal, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås, Bankane, Alfhild Engen.

**ORKLAND MINNEFOND**
Blankettar hos:
Klara Aamot, 7330 Svorkmo
T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo
M. A. Staveli, 7334 Hoston

**ORKANGR MINNEFOND**
Blankettar hos:
Harald Hukkelås, Bankane.

**GEITASTRAND MINNEFOND**
Blankettar hos:
Gunerius Kjøren.